

## **Forskningsutvalet ved IGS**

### **Statutar for Årets publikasjon. Versjon januar 2014.**

Institutt for global helse og samfunnsmedisin ved Forskningsutvalet utnemner kvart år Årets publikasjon. Offentleggjeringa skjer vanlegvis på Instituttets dag i mai året etter publikasjonsåret, og førsteforfattaren får overlevert ein diplom og ein pengesum (driftsmidlar over annum).

Publikasjonen er samstundes instituttet sin nominerte til Årets publikasjon ved fakultetet.

Nominasjon til årets publikasjon skal skje frå kvar gruppe for seg. Kvar gruppe kan ikkje levere meir enn eitt forslag.

Forslaga skal leverast Forskningsutvalet ved forskingskonsulent innan nærare bestemt tidsfrist året etter utgjevinga.

Ein kort omtale (maksimum 1/2 side) skal vedleggast publikasjonen. Der skal gruppa gjere greie for kvifor denne publikasjonen fortener å bli Årets publikasjon. Forslaga bør ta utgangspunkt i statuttane nedanfor, men i særskilte tilfelle kan det finnast spesielle argument som ikkje er dekka av desse.

Forslaga må fylle desse krava

- Det skal framgå av publikasjonen at den utgår frå IGS
- Førsteforfattaren skal ha IGS som (ei av) adressene på publikasjonen
- Dei formelle krava til publikasjonen må vere i samsvar med retningslinjene for Årets publikasjon ved fakultetet.

Forskningsutvalet vurderer forslaga etter følgjande kriterier:

- Publikasjonen sin vitskaplege verdi uavhengig av fagområde, enten i form av ny kunnskap eller på annan måte
- Publikasjonen sin Impact factor
- Publikasjonen sin vitskaplege verdi innan det fagfeltet den representerer. Dette kan vere at den er trykt i eit av dei beste vitskaplege tidsskrifta for fagområdet eller blitt lagt merke til på annan måte
- Publikasjonen har ført til merksemeld rundt fagmiljøet eller instituttet. Internasjonal merksemeld vert spesielt vektlagt, men god nasjonal omtale, utløysing av faglege, fagpolitiske eller andre slags debattar og mediadekning har verdi
- Andre særskilte tilhøve som gjeld kvalitet, merksemeld eller fagutvikling

Forskningsutvalet avgjer etter ei samla vurdering og eventuelt med fleirtalsavgjerd kva publikasjon som vert Årets publikasjon.